

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 31. august 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Gjøa-avtalen, jf. FU-sak 139/16 - Løypemelding nr. 9

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen viser til FU-sak 139/16 om oppfølging av Gjøa-avtalen, samt løypemeldingar til FU i møte 25.01.17 (sak 8/17), møte 03.04.17 (sak 34/17), møte 03.05.17 (sak 39/17), møte 31.05.17 (sak 57/17), møte 31.10.17 (sak 106/17), møte 23.01.18 (sak 8/18), møte 07.03.18 (sak 27/18) og møte 31.05.18 (sak 64/18).

Etter Gjøa-avtalen med tilleggsavtale (heretter omtala som Gjøa-avtalen) skal Neptune Energy Norge AS (tidlegare Engie E&P Norge AS), heretter omtala som Neptune, bidra med eit beløp på inntil 75 mill. kr. til kraftlinje og transformatorstasjon på Lutelandet. Neptune har tidlegare stilt spørsmål ved om bidraga vil utgjere ulovleg statsstøtte. Ved vedtak i sak 139/16 bad fylkesutvalet fylkesrådmannen handtere saka, for å sikre at Neptune oppfyller forplikingane sine etter Gjøa-avtalen. EFTAs overvåkingsorgan (ESA) har gjennom eit såkalla «comfort letter» stadfesta at bidraga etter Gjøa-avtalen ikkje utgjør statsstøtte, sjå løypemelding nr. 7 (møte 07.03.18, sak 27/18).

Signert gjennomføringsavtale

I mai sende fylkesordføraren på vegner av Lutelandet Energipark AS (LE), Sunnfjord Energi AS (SE) og fylkeskommunen eit utkast til gjennomføringsavtale til Neptune. Utkastet låg ved førre løypemelding til FU (møte 31.05.18, sak 64/18).

Neptune svarte ved brev av 27. juni at Gjøa-lisensen ønskte nokre endringar i avtaleutkastet, m.a. at avtalen berre skulle gjelde til 2025. Vidare gjekk det fram av brevet at Gjøa-lisensen ikkje ønskjer å kome i ein situasjon der dei må krevje tilbake bidraget på inntil 75 mill. kr fordi vindkraftprosjektet av ein eller annan grunn ikkje blir bygd ut til tross for bidraget frå Gjøa-lisensen. For å redusere risikoen for eit tilbakebetalingskrav ønskte Neptune at gjennomførings-avtalen skulle endrast slik at LE skal betale den første fakturaen på 10 % av estimert anleggsbidrag.

For å kome vidare i saka aksepterte LE Neptune sitt endringsforslag ang. første faktura. Neptune, LE, SE og fylkeskommunen har alle signert avtalen, sjå vedlegg. Etter dette vurderer fylkesrådmannen fylkeskommunen sitt arbeid med oppfølging av Gjøa-avtalen som fullført.

Utgifter i samband med oppfølging av Gjøa-avtalen

I arbeidet med saka har fylkesrådmannen nytta Wikborg Rein Advokatfirma, som fylkeskommunen har rammeavtale om juridiske tenester med. Arbeidet har m.a. omfatta notat om ulike handlingsalternativ, dialog med Neptune, utarbeiding av avtale om notifikasjonsprosess for ESA, utarbeiding av pre-notifikasjonen, kontakt med ESA og departementet i høve statsstøttespørsmålet m.m. Totalt har fylkeskommunen hatt advokatutgifter på rundt 823 000 kr ekskl. mva. I tillegg til dette har fylkesrådmannen nytta ressursar i ein administrasjon på saka.

Som kjent har Gjøa-avtalen sin bakgrunn i at Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav Statoil¹ anleggskonsesjon for sjøkabel frå Mongstad til Gjøa-feltet. Stortinget hadde tidlegare signalisert² at straumen skulle hentast frå Lutelandet dersom tilkopling var teknisk mogleg og miljømessig forsvarleg. Fylkeskommunen, fem kommunar (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen), Vestavind Kraft AS, Sunnfjord Energi AS og SFE Nett AS klaga difor på NVE sitt vedtak. Etter oppmoding frå departementet forhandla klagarane fram ein avtale med Statoil. Så framt alle trekte klagen sine, skulle Statoil m.a. bidra til etablering av infrastruktur på Lutelandet. Berre fylkeskommunen signerte avtalen med Statoil, men fylkeskommunen representerte dei regionale interessene i forhandlingane og ved avtaleinngåinga. Alle trekte klagen sine i samsvar med Gjøa-avtalen.

Fylkeskommunen har tidlegare orientert kommunane om utfordringane med oppfølging av Gjøa-avtalen. Fylkesordføraren stilte t.d. på eit møte i HAFS Regionråd i desember 2016. Rådet gav uttrykk for at Gjøa-avtalen er viktig for regionen. I arbeidet med statsstøttespørsmålet bad fylkeskommunen kommunane om deira tilslutning til notifikasjonsavtalen og handteringa av saka, sjå løypemelding nr. 4 (FU-møte 31.05.17, sak 57/17). Dei fem kommunane handsama saka samla i HAFS regionråd, og hadde ingen merknadar til at fylkeskommunen skulle følgje opp saka slik avtaleutkastet skisserte, jf. rådet sitt vedtak i sak 12/17.

På denne bakgrunn meiner fylkesrådmannen det er rimeleg at dei ovannemnde kommunane dekkjer ein viss del av fylkeskommunen sine advokatutgifter. Fylkesrådmannen kan i så fall - ved brev - oppmode kvar kommune om å ta ein mindre del av desse utgiftene. Om fylkeskommunen t.d. ber kommunane dekkje til saman 40 % vil dette utgjere om lag 66 000 kr for kvar kommune.

Fylkesrådmannen ber om FU sine ev. merknadar til dette siste.

Dette til fylkesutvalet si orientering.

Vedlegg:

Signert gjennomføringsavtale (unnateke offentlegheit fordi den inneheld teiepliktige næringsopplysningar, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13 nr. 2)

¹ Gjøa-avtalen vart opphavleg inngått mellom fylkeskommunen og Statoil. Ved tilleggsavtale av 12. september 2012 vart delar at Statoil sine forpliktingar etter Gjøa-avtalen overført til Engie (no Neptune), som følgje av at Engie overtok operatøransvaret for Gjøa-feltet.

² Sjø m.a. Innst. S.nr. 278 (2006-07)